



Landbruks- og matdepartementet  
postboks 800 Dep.

Dato: 21.10.2014  
Arkiv: K1 - 243, K3 - &13, K2  
- V13  
Vår ref (saksnr.): 14/1533-2  
Journalpostid.: 14/28483  
Dykkar ref.:

0030 OSLO

## **Høyringsuttale - departementet sitt framlegg til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot**

Vi syner til Departementet sitt høyringsbrev og høyringsnotat av 09.07.2014.

Time kommune sluttar seg i det alt vesentlege til den vurderinga og uttalen Fylkesmannen i Rogaland har gitt i saka; mellom anna:

- Vi meiner at ny forskrift om produksjons- og avløysartilskot diverre, og mot intensjonen, vil resultere i at ordninga blir vanskelegare for sækjarane å forstå. Den vil og vere meir tidkrevjande å forvalte, og faren for usakleg forskjellsbehandling blir større ved auka skjønnsmessige tema.
- Kommunen ser og behovet for nedestjing av ei arbeidsgruppe for å sjå på organiseringa av kontrollarbeidet.
- Det er generelt behov for godt rettleiingsmateriale knytt til den nye forskrifta. Særleg bør kravet om «vanleg jordbruksproduksjon» og krava til gjødslingsplan vere gjenstand for ei grundig utdyping.

### Time kommune støttar:

- samordninga av forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot for ferie og fritid, men delar Fylkesmannen sin bekymring knytt til fortsatt gode, praktiske avløysarordningar og rett dokumentasjon med endringane som er føreslått.
- endringa/presiseringa av at samdrift med berre eitt aktivt medlem, som i tillegg driv enkeltpersonføretak er å sjå på som driftsfelleskap. Vi vil samstundes etterlyse klarare retningsliner kring grensene for driftsfelleskap generelt. Vi rår til at driftsformer, som i utgangspunktet gjev mistanke om driftsfelleskap, som t.d. ektefeller med kvart sitt føretak med dyr i same bygning, må vurderast som driftsfelleskap, men at løysinga evt. kan akspeterast etter ei dispensasjonssaksbehandling.
- nytt reaksjonsmønster ved evt. stadfesting av ulovleg driftsfelleskap; føresatt at det blir rom for å vurdere storleiken på avkortinga.
- framlegget om at utgegløymt føring på søknaden berre kan endrast ved godkjenning av dispensasjon etter ei fastsett frist. Dispensasjonsadgangen bør vere snever.
- innføring av vilkår om gjødslingsplan og sprøytejournal i § 4 i framlegget. I tillegg tilrår vi innføring av krav til skiftenoteringar.
- Når det gjeld § 4, 3. ledd, nr. 2 må departementet merka seg at ein ved endringa frå miljøkrav-regelen i dagens § 8 vil få den utilsikta konsekvensen at kommune/FM ikkje lenger vil ha heimel til å tillate fjerning eller opning i eksisterande steingarder, som

representerer viktige kulturlandskapselement. Dette av di det ikkje er heimel i kulturminneloven for inngrep. I dagens § 8 ligg innleiingsvis heimel for å dispensere – slik er ikkje gitt i endringsframlegget då dette i § 9 der har ei avgrensing i dispensasjonsadgangen, som ikkje omfattar inngrep i kulturlandskapet. Det er viktig å oppretthalde den langvarige praksis som har vore på området – ikkje minst med omsyn til å oppretthalde respekt for regelverket. (Vi syner her til telefonsamtale med Hanne Klægstad om temaet.)

Time kommune frarår:

- å fjerne regelen om felles eigarinteresser. Ei fjerning av denne regelen gir inga forenkling. Felles eigarskap er eit vilkår det er enkelt å forstå og kontrollere. Fjerning av dette vilkåret og vidareføring av føresegna om driftsfelleskap vil føre til meir uvisse for søkjar, og gi eit uoversiktleg bilete og tidkrevjande og komplisert kontroll for forvaltninga.
- oppretthalding av ordninga i dag med omsyn til driftsformar med mistanke om driftsfelleskap. Vi meiner slike saker, som til dømes der ektefeller har kvar si drift i same bygning, bør behandlast som dispensasjonssak.
- rår frå endringa av krav til vegetasjonssone langs vassdrag – bør ha skjønsmessig vurdering utover minstekrav i tal meter.

Med helsing

Brit Jorunn Haslemo  
avd. sjef landbruk, kultur- og miljøvern  
Kirsten Smedvig  
jordbrukssjef

Kirsten Smedvig  
jordbrukssjef

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Rogaland  
Landbruksavdelinga

P.b. 59

4001 STAVANGER

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*